

BRATTVÅGNETT SA

ÅRSMØTEPROTOKOLL

Årsmøte onsdag 11. juni 2014 kl 1800 på Hautunet. Det var 6 frammøtte inklusive styret. Alle vedtak på dagens årsmøte var samrøystes.

Sak 1 Registrering av frammøtte og godkjenning av fullmakter, godkjenning av innkallinga
Det var 6 frammøtte inklusive styret. Innkallinga var gjort kjend i annonse i Haramsnytt og på BrattvågNett si internettside.

Sak 2. Val av møteleiar, referent og ein person til å skrive under protokollen saman med møteleiar

Leiar Geir Daugstad vart vald til møteleiar, Sindre Vik vart vald til referent og Kjell Børje Moe vart vald til å skrive under protokollen saman med møteleiar.

Sak 3. Årsmelding for 2013

Årsmeldinga vart referert og godkjend.

Sak 4. Rekneskap for 2013

Rekneskapen vart referert og godkjend med eit resultat på -299 963 kr.

Sak 5. Tilknytings- og årsavgift, budsjett 2014

Årsavgifta for 2014 blei fastsett til 1945 kr. Tilknytingsavgifta vert uendra. Budsjettet vart referert og godkjent med eit resultat på kr 27 400.

Sak 6. Endra vedtekter, 2. gongs handsaming

Vedtektene vart samrøystes godkjende.

Sak 7. Fullmakt til å ta opp lån

Årsmøtet gir styret fullmakt til å ta opp eit lån på inntil 300 000 kr for utbygging av kabelnettet i Håvikmyrane.

Sak 8. Val av styre og valnemnd

I styret byter styremedlem Rodgeir Viken plass med varamedlem Roger Sønderland. Styret for 2014 vert då slik:

Geir Daugstad, leiar, Olav Gribbestad, nestleiar, Sindre Vik, sekretær,
Leif Sønderland og Roger Sønderland, styremedlemar,
Rodgeir Viken og Ingunn Lyngved, varamedlemar.

Valnemnda vart attvald: Helge Austnes, leiar, Ingar Lie og Adnan Maksumic.

Sak 9. Val av revisor

Til revisor vart vald BDO As Avd Brattvåg, som før.


Sak 10. Honorar til styre og revisor

Honorar til revisor etter regning. Honorar til leiar kr 8000 og til styremedlemmane kr 4000.

Brattvåg, 11. juni 2014



Geir Daugstad



Kjell Børje Moe